

# KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2016

---



KONTROLLUTVALET I  
VINDAFJORD KOMMUNE

---

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2016.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "***kontrollutvalet rapportere resultat av sitt arbeid til kommunestyret***".

---

### 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

---

### 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2016-2019 har Vindafjord kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

**Faste:**

Nils Terje Oma (Ap) – leiar  
Johannes Vestbø (Sp) – nestleiar  
Marit Aga Hustvedt (Ap)  
Gunn Haraldseid (H)  
Kristian Haraldson Ressel (BBL)

**Vara:**

1. Anne Tone S. Andersen (H)  
2. Oddvar Haugland (Krf)  
3. Anja Mballow (Sp)  
4. Margrethe Veim (Frp)  
5. Arnfinn Øverland (Ap)

Johannes Vestbø er fast medlem i kommunestyret, og Kristian Haraldson Ressel er varamedlem. Leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har vore til stades på eit møte og varaordføraren har vore til stades på eit møte. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han har vore til stades på to av møta.

---

### 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2016

---

Kontrollutvalet har i 2016 hatt 4 (4) møter fordelt på to møter første halvår og to møter andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kontrollutvalet sitt reglement og lovendring frå 01.07.13.

Utvalet har hatt 22 (25) saker til handsaming, kor 7 (6) saker blei sendt til kommunestyret.

32 (40) saker har blitt lagt fram til orientering. Oversyn over sakene og orienteringssakene følgjer som vedlegg.

Nils Terje Oma og Kristian Haraldson Risset deltok på NKRF sin kontrollutvalskonferansen på Gardermoen 3. – 4. februar.

Nils Terje Oma deltok på fagkonferansen i regi av FKT på Gardermoen 7. – 8. juni og på haustkonferansen til Forum for kontroll i Rogaland 17. november i Sandnes.

---

### 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

---

#### 4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet handsama kommunen sin årsrekneskap for 2015 i møte den 02.05.16 og gav sin uttale til årsrekneskapen. Utvalet gav slik uttale:

*Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2015 er gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk/underskott på 2 mill. kr.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat med 2 millionar kr.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2015 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.15.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2015.*

Årsmelding frå skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen for 2015 har vore lagt fram for utvalet til orientering.

## **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 24.05.16, sak 32/16.

Utvalet har handsama oppfølging av to tidligare forvaltningsrevisjonsrapportar i 2016. I møtet 24.02.16, sak 02/16 blei rapporten «Teknisk sektor» følgd opp. Utvalet tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

I møtet 16.11.16, sak 19/16 blei rapporten om «Barnevernet» følgd opp. Utvalet valde å utsetje saken og bad om å få den til ny handsaming i neste møte.

Prosjektet om «Samhandlingsreforma» blei bestilt i haust som fyrste prosjekt etter ny plan. Rapport vil bli lagt fram på våren 2017.

## **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Planen for 2016-2020 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 24.05.16, sak 33/16.

Kontrollutvalet vedtok i 2014 å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i lag med dei andre eigarkommunane. Rapport var klar i mars 2015. Deloitte såg etter om selskapa har etablert system og rutinar for å sikre at selskapa vert drive i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Det blei avdekket nokre få forbetringspunktar, og det blei sett ein frist på 12 månader for tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane.

Utvalet fekk tilbakemelding om oppfølging av selskapskontrollen i Haugaland Kraft AS i møtet i september.

## **4.4 TILSYN MED REVISOR**

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

KPMG AS var kommunen sitt revisjonsselskap fram til 31.06.16. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor har vore Roald Stakland med kontor i Haugesund. Han deltok, saman med forvaltningsrevisor på møtet i mai.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2015 ny anbuds konkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020. Kommunestyret tilrådte kontrollutvalet si innstilling om å velje Deloitte AS som kommunen sin revisor i møtet 16.11.15, sak 94/15. Avtalen gjeld i fire år frå 01.07.16, med opsjon til å forlengje avtalen med to år.

Oppdragsansvarleg revisor frå Deloitte AS er Else Holst-Larsen med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen og har møtt i eit av møta i 2016.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram overordna analyse og utkast til plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

#### 4.5 TILSYN MED FORVALTINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker. Utvalet har mellom anna blitt orientert om skatterekneskap, KOSTRA-tall og kommunebarometeret i løpet av året.

#### 4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2016:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2015	BUDSJETT 2016 (utvalet)	REKNESKAP 2016
Godtgjersle og driftsutgifter	53 753	94 000	88 196
Revisjonstenester	495 216	437 000	368 289
Sekretariatstenester	170 000	177 000	177 000
Sum utgifter	<b>718 969</b>	<b>708 000</b>	<b>633 485</b>

Kontrollutvalet handsama hausten 2016 framlegg til totalbudsjett for tilsyn og kontroll for 2017. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 700 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

#### 4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 11 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2016 fått nytt styre og oppdatert overordna strategiplan. Fast utvalssekretær har vore rådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no), kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Vindafjord kommune er Øyvind Haraldseid kommunen sin representant til representantskapet i IKSet med Arnfinn Øverland som varamedlem. Haraldseid møtte på det konstituerande representantskapsmøtet 25.04.16.



## 5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2016 har vore som planlagt. Ny overordna analyse for forvaltningsrevisjon og for selskapskontroll blei utarbeidd i samarbeid med revisor. Utvalet har utarbeidd og innstilt til kommunestyret om ny plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 og ny plan for selskapskontroll 2016-2020. Tre tidligare revisjonsrapportar har blitt følgd opp og det er bestilt ein ny rapport om «Samhandlingsreforma» for levering i 2017. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

\*\*\*

Ølen, 22. februar 2017

Johannes Vestbø



Nils Terje Oma  
Leiar



for Kristian H. Ressel



Marit Aga Hustvedt



Gunn Haraldseid

## VEDLEGG

---

### OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

---

#### Saker til handsaming:

- 01/16 Godkjenning av protokoll frå møte 02.12.15
- 02/16 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Teknisk sektor»
- 03/16 Årsmelding for kontrollutvalet 2015
- 04/16 Referat- og orienteringssaker 24.02.16
  
- 05/16 Godkjenning av protokoll frå møte 24.02.16
- 06/16 Vindafjord kommune - uttale til rekneskapen for 2015
- 07/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
- 08/16 Plan for selskapskontroll 2016-2020
- 09/16 Referat- og orienteringssaker 02.05.16
  
- 10/16 Godkjenning av protokoll frå møte 02.05.16
- 11/16 Referat- og orienteringssaker 07.09.16
- 12/16 Oppfølging av rapport - selskapskontroll av Haugaland kraft AS og Haugaland næringspark AS
- 13/16 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 14/16 Kontroll og tilsyn – budsjett for 2017 – utvalet sitt framlegg
- 15/16 Revisor si eigenerklæring for 2016
- 16/16 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2016
  
- 17/16 Godkjenning av protokoll frå møte 07.09.16
- 18/16 Referat- og orienteringssaker 16.11.16
- 19/16 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Barnevernet»
- 20/16 Orientering om framlegget til budsjett 2017 og økonomiplan 2018-2020
- 21/16 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Samhandlingsreforma»
- 22/16 Framlegg til møteplan for 2017

## Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2016
2. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes
3. Rapport frå NKRF-konferansen
4. Evaluering og val av leverandør – Anbod på revisjonstenester 2016-2020
5. Årsrapport 2015 - skatteoppkrevjaren i Vindafjord kommune
6. Skatterekneskapen 2015
7. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
8. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetalene for den enkelte kommune
9. Fylkesmannen – informasjon om statlige tilsyn med kommunane i Rogaland 2016
10. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organ.
11. Referat frå møte i Kommunesektorens etikkutval 23.11.15
12. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.12.15
13. Årshjul – kontrollutvalets oppgåver
14. Statusrapport pr. mai 2016
15. Kontrollrapport 2015 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
16. Representantskapsmøte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Representantskapsmøte 27.04.16 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
18. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
19. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
20. Representantskapsmøte 25.05.16 – HIM IKS
21. Generalforsamling 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
22. Kommunelovutvalet har overlevert forslag til ny kommunelov – NKRF nytt 10.03.16
23. Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov
24. Statusrapport pr. september 2016
25. Orientering frå FKT-konferansen 7. – 8. juni 2016 v/Oma
26. K-styrevedtak 24.05.16, sak 32/16 – Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
27. K-styrevedtak 24.05.16, sak 33/16 – Plan for selskapskontroll 2016-2020
28. Generalforsamlingsprotokoll 06.06.16 - frå Haugaland Kraft AS
29. Spørsmål om styremøte i et IKS – uttale frå KMD 04.04.16
30. Statusrapport pr. november 2016
31. Korrigert generalforsamlingsprotokoll av 06.06.16 frå Haugaland Kraft AS
32. Invitasjon frå FKT Rogaland til Haustkonferanse 17.11.16 i Sandnes
33. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høringsuttale til NOU: 4 Ny kommunelov
34. Kommunal rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
35. KOSTRA-tall vedr. funksjon 110 – Kontroll og revisjon
36. Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap – Fylkesmannen i Rogaland
37. Innkalling til representantskapsmøte 01.12.16 – HIM IKS